



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: "Voldsfjorden" i 1. etg., Rådhuset
Dato: 09.05.2017
Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Lina Marie Bjørkedal	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torgeir Stensø	sakshandsamar
Edvin Løfoll	sakshandsamar/ingeniør
Børild Skåra	rådgjevar, landbrukskontoret Ørsta Volda

Det var fem røysteføre til stades i møtet.

PS 35/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Ingen hadde noko å merke til innkalling og sakliste.



VOLDA KOMMUNE

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

Innkalling og sakliste vart godkjend.

PS 36/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

Møteprotokollen frå førre møte den 18.04.17 vart godkjend.

PS 37/17 1519 gbr 10/6 - klagehandsaming - søknad om deling av tomt for bustad - Bjørn Sindre Ytrestøyl

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til klage dagsett 23.03.2017, frå Grete Ytrestøyl Amundø, der det vert klaga på Forvaltningsutvalet sitt vedtak PS 19/17, som gjeld deling av bustadtomt frå gnr 10 bnr 6 på 1.082 m².

Forvaltningsutvalet vurderer ut frå forvaltningslova at klagaren har rettsleg klageinteresse. Grunngevinga for å tilkjenne rettsleg klageinteresse er at tilkomsten til deira skogteig vert endra.

Forvaltningsutvalet finn ikkje at klaga innhald nye opplysningar som ikkje var kjende då vedtaket om deling vart fatta.

Forvaltningsutvalet opprettheld difor sitt vedtak om deling av 23.03.2017.

Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til klage dagsett 23.03.2017, frå Grete Ytrestøyl Amundø, der det vert klaga på Forvaltningsutvalet sitt vedtak PS 19/17, som gjeld deling av bustadtomt frå gnr 10 bnr 6 på 1.082 m².

Forvaltningsutvalet vurderer ut frå forvaltningslova at klagaren har rettsleg klageinteresse. Grunngevinga for å tilkjenne rettsleg klageinteresse er at tilkomsten til deira skogteig vert endra.



VOLDA KOMMUNE

Forvaltningsutvalet finn ikkje at klaga innheld nye opplysningar som ikkje var kjende då vedtaket om deling vart fatta.

Forvaltningsutvalet opprettheld difor sitt vedtak om deling av 23.03.2017.

PS 38/17 Nye vegnamn i Håmyra

Handsaming:

Framlegg frå forvaltningsutvalet:

Forvaltningsutvalet kom fram til eit fellesframlegg der forslaget er som administrasjonen sitt, men at dei to vegane heite *Håmyra* og *Håmyrhøgda*.

Røysting:

Framlegget frå forvaltningsutvalet fekk 5 røyster og vart vedteke.

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

1. *Forvaltningsutvalet vedtek å legge følgjande namn på vegparsellar i området Håmyra ut til offentleg ettersyn:*

- *Håmyra*
- *Håmyrhøgda*

2. *Namnet Engesetgeila skal nyttast på den regulerte sambindingsvegen i området.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsutvalet vedtek å legge følgjande namn på vegparsellar i området Håmyra ut til offentleg ettersyn:*

- *Håmyra*
- *Håmyrheida*

2. *Namnet Engesetgeila skal nyttast på den regulerte sambindingsvegen i området.*



VOLDA KOMMUNE

PS 39/17 Skiltplan ved Martavegen - Askevegen - Volda kommune

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

- 1. Skiltplanen for tidlegare anleggsveg mellom Martavegen og Askevegen vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Skiltplanen for tidlegare anleggsveg mellom Martavegen og Askevegen vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

PS 40/17 Skiltplan Kleppevegen, frå Engesetgeila og oppover mot Klepp

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

- 1. Skiltplanen Kleppevegen frå Engesetgeila og oppover mot Klepp, vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Skiltplanen Kleppevegen frå Engesetgeila og oppover mot Klepp, vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

PS 41/17 Skiltplan ved Volda fergekai og gangveg langs sjøen

Handsaming:

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet - 09.05.2017

- 1. Skiltplanen for området kring fergetaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*
- 2. Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Skiltplanen for området kring fergetaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*
- 2. Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.*

Møtet slutt kl. 13.40

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
10. mai 2017

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær